

Prop. 58 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Samtykke til at Noreg sluttar seg til avtalen om utviding av IMF's multilaterale innlånsordning “New Arrangements to Borrow” (NAB)

*Tilråding frå Finansdepartementet av 7. januar 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing og samandrag

Det internasjonale valutafondet (IMF) står sentralt i arbeidet med å handtere den globale finansielle og økonomiske krisa. Institusjonen stiller mellom anna lånemidlar til disposisjon for land som har fått eller står i fare for å få betydelege betalingsbalanseproblem. Våren 2009 fatta den rådgivande ministerkomiteen i IMF (IMFC) eit prinsippvedtak om å tredoble utlånskapasiteten frå 250 mrd. USD til 750 mrd. USD for å dekkje den kraftige auken i etterspørselen etter lån i kjølvatnet av finanskrisa. For å få dette til raskt nok, inngjekk IMF ei rekkje ekstraordinære, bilaterale avtalar om lån, mellom anna med Noreg, jf. St.prp. nr. 81 (2008–2009). Avtalen mellom IMF og Noregs Bank vart underteikna i juni 2009. Ved inngangen til desember 2010 hadde IMF ein lånetilgang på om lag 174 mrd. SRD¹ gjennom bilaterale avtalar.

Dei bilaterale avtalane skal ikkje vere permanente, men avløysast av andre tiltak. Eitt av desse er å auke dei ordinære kvotemidlane, og ein vart i

november 2010 samd om å doble dei ordinære kvotemidlane, sjå kapittel 6. I tillegg ønskjer ein å utvide den eine av dei to multilaterale låneordningane i IMF, den såkalla “New Arrangement to Borrow” (NAB). Dei multilaterale ordningane er i dag beløpsmessig små og administrativt kompliserte å aktivere, slik at ingen av dei har vore i bruk i samband med finanskrisa. Etter ønske frå IMF valde mange land derfor å bidra med bilaterale lån parallelt med at ein arbeidde med å få på plass ein ny og utvida NAB-avtale. Enkelte land, mellom anna USA, har ikkje inngått bilaterale låneavtalar med IMF, men ventar med sine bidrag til ei meir permanent ordning kjem på plass gjennom ein ny NAB-avtale.

I november 2009 vart det oppnådd politisk semje om rammene for ei utvida og meir fleksibel NAB-ordning. Forslaget vart godkjent i IMF sitt styre i april 2010, og inneber at det totale lånebeløpet i ordninga vert auka til 367,5 mrd. SDR, eller om lag 565 mrd. USD. Dette utgjer meir enn ei tidobling samanlikna med den gjeldande avtalen. Auken kjem både frå større bidrag frå land som alt deltek i NAB, og frå nye land som vil slutte seg til. Det norske bidraget er auka frå 379 mill. SDR til 3 870,94 mill. SDR, det vil seie til om lag 35 mrd. kroner. Noregs Banks bilaterale låneavtale med IMF frå juli 2009 vil stegvis verte avløyst av

¹ IMF sine spesielle trekkrettar (Special Drawing Rights). Verdien er eit vektet gjennomsnitt av amerikanske dollar, euro, britiske pund og japanske yen. Ein SDR var 15. desember 2010 lik 1,53912 USD eller 9,06183 NOK.

Noregs bidrag til nye NAB. Det er ein føresetnad at dei samla trekka under NAB og den bilaterale avtalen ikkje overstig Noregs ramme i den nye NAB-ordninga.

Regjeringa meiner det er viktig at Noreg bidreg til finansieringa av viktige multinasjonale institusjonar i tråd med vår økonomiske styrke. Vidare meiner Regjeringa at multilaterale avtalar generelt er betre enn bilaterale, mellom anna fordi dei sikrar betre fordeling av byrdene mellom land.

I denne proposisjonen tilrår Finansdepartementet at Stortinget gir sitt samtykke til at Noreg sluttar seg til den framforhandla avtalen om ei utvida og meir fleksibel NAB-ordning, som skal sikre IMF tilstrekkeleg tilgang på lånemidlar framover. Kapittel 2 i proposisjonen gjer greie for bakgrunnen. Dei gamle og nye NAB-avtalane er omtalte i kapittel 3 og 4, mens forholdet mellom nye NAB og dei bilaterale låna er omtalt i kapittel 5. Revisjonen av kvotar og stemmerett er kort omtalt i kapittel 6, og administrative og økonomiske konsekvensar i kapittel 7.

2 Bakgrunn

Då den globale finanskrisa braut ut i 2008, var utlåna frå IMF på sitt lågaste nivå sidan slutten av 1970-talet. I løpet av dei siste tiåra hadde i tillegg utlånskapasiteten til IMF gått markert ned jamført med ulike mål for storleiken på verdsøkonomien, som til dømes samla produksjon og handels- og kapitalstraumar. Med finanskrisa auka behovet for lån frå IMF, og institusjonen var raskt ute for å komme land som fekk vanskar med betalingsbalansen i møte med store lån. Dei ordinære utlåna auka i løpet av 2008 frå om lag 6 mrd. SDR til 17,5 mrd. SDR. Sidan september i år har innvilga kredittramme vore på over 50 mrd. SDR. IMF har i tillegg gitt tilsegn om lånetilgang under føre-var-ordninga «Flexible Credit Line» på 47,5 mrd. SDR. I Europa har IMF mellom anna gitt lån til Island, Latvia, Ungarn, Hellas og Irland.

I den djupe krisa i verdsøkonomien som følgde av finanskrisa, ville det vore svært uheldig om IMF hadde fått for knapp kapasitet til å yte lån. Det vart derfor viktig å sikre IMF tilstrekkeleg finansiering på både kort og noko lengre sikt. I hovudsak var det tre aktuelle måtar å gjere dette på:

- *Auke dei ordinære kvotane frå medlemslanda.* Alle medlemsland pliktar å stille midlar til disposisjon for IMF så sant dei er økonomisk i stand til det. Dette er organisasjonen si viki-

gaste finansieringskjelde. Kvotane avgjer ikkje berre storleiken på innskotet frå dei enkelte landa, men set òg ei ramme for kor mykje landet sjølv kan låne i IMF. Dei er dessutan hovudgrunnlaget for medlemslanda sin stemmerett. Diskusjonar om demokrati og innverknad er krevjande, og resultatet ein vert samd om, må ratifiserast i medlemslanda. Normalt må ein derfor rekne fleire år frå starten til slutten av ein slik prosess.

- *Utvide den multilaterale låneavtalen NAB.* Denne avtalen gir tilgang på ekstra lånemidlar som fleire av dei best stilte medlemmene, deriblant Noreg, stiller til disposisjon for IMF. Eit kvalifisert fleirtal av medlemslanda, inkludert alle dei landa som får endringar i sine forpliktingar, må ratifisere den nye avtalen før han kan tre i kraft.
- *Inngå bilaterale låneavtalar med einskilde medlemsland.* Ein kan få på plass slike avtalar relativt raskt. Den største ulempa er at ein berre i liten grad kan lage eit rammeverk som sikrar at finansieringsbyrdene vert fordelte jamt mellom landa som stiller midlar til disposisjon for IMF.

For at det ikkje skulle vere tvil om at IMF var i stand til å dekkje lånebehova som måtte oppstå, gjekk G20-landa i april 2009 inn for å tredoble utlånskapasiteten til IMF, frå 250 mrd. USD til 750 mrd. USD. Den internasjonale monetære og finansielle komiteen (IMFC) følgde seinare same månaden opp med eit prinsippvedtak i tråd med semja i G20. IMFC er IMF's ministerorgan, og legg dei politiske føringane for verksemda i IMF. Auken i lånekapasiteten skulle i hovudsak komme gjennom ei utviding av NAB-ordninga. Ordninga skulle òg gjerast meir fleksibel. I tillegg var det semje mellom G20-landa om å starte arbeidet med den neste ordinære kvoterevisjonen så snart som mogleg med sikte på å avslutte han innan januar 2011, jf. kapittel 6.

Gjennomføring av multilaterale tiltak tek tid, og IMF valde i første omgang å inngå bilaterale avtalar for å sikre lånekapasiteten på kort sikt. Ved inngangen til desember 2010 hadde IMF ein lånetilgang om lag 174 mrd. SDR gjennom bilaterale avtalar. Noregs Bank og IMF inngjekk juni 2009 ein avtale om å bidra til dei ordinære låneordningane i IMF med inntil 3 mrd. SDR, som då tilsva vel 4,5 mrd. USD. Stortinget gav samtykke til avtalen 15. juni 2009, jf. St.prp. nr. 81 (2008–2009) og Innst. S. nr. 359 (2008–2009). I proposisjonen vart det gjort greie for at desse midlane heilt eller delvis ville kunne overførast til ei utvida NAB-ordning.

Tanken var heile tida at midlane i dei bilaterale avtalane etter kvart skulle inn i ei utvida og meir fleksibel NAB-ordning, og at ein samstundes skulle avvikle dei bilaterale avtalane. Ved å overføre midlane til NAB-ordninga styrkjer ein ressursane til IMF på meir varig basis. Ein oppnår òg betre byrdefordeling mellom dei landa som skyt inn midlar.

3 Den gjeldande NAB-ordninga

For å supplere IMF sine kvotemidlar når desse i spesielle situasjonar ikkje er tilstrekkelege til å dekkje lånebehovet, er det oppretta to multilaterale innlånsordningar: "General Arrangements to Borrow" (GAB) og "New Arrangements to Borrow" (NAB). Noreg deltek ikkje i GAB, men har vore med i NAB sidan ordninga vart oppretta i 1998, jf. St.prp. nr. 50 (1996–1997). GAB-ordninga er beløpsmessig lita samanlikna med NAB.

NAB er ei multilateral låneordning der nokre av dei betre stilte medlemslanda lover å gi IMF kortsiktige lån for å styrkje likviditeten i krisesituasjonar. Bakgrunnen for NAB var den økonomiske krisa i Mexico på midten av 1990-talet, som synte at IMF hadde behov for auka evne og økonomisk kapasitet til å førebyggje alvorleg uro eller krise i det internasjonale finansielle systemet. Midlane i ordninga skal brukast for å førebyggje eller ta hand om situasjonar som svekkjer eller truar stabiliteten i det internasjonale pengesystemet. Ordninga vil såleis òg kunne auke tilliten til det internasjonale finansielle systemet og den internasjonale økonomien meir generelt.

Den noverande NAB-ordninga har 26 medlemsland og ei økonomisk ramme på 34 mrd. SDR. Storleiken på låneramma til kvar deltakar tek utgangspunkt i den kvoten landet har i IMF. Noregs bidrag er på 379 mill. SDR. Avtalen gjeld formelt for fem år om gongen, men fornying har i praksis vorte rutine. Ordninga vert såleis i røynda oppfatta som permanent.

Landa som deltek må aktivere ordninga før midlane vert tilgjengelege, og for å sikre god byrdefordeling mellom landa må trekk i hovudsak gjennomførast proporsjonalt med låneramma som landa har stilt til disposisjon. Midlane i ordninga kan berre brukast til å finansiere IMF sine ordinære låneordningar, ikkje dei spesielle ordningane for låginntektsland.

Det er berre aktuelt å trekkje på NAB i spesielle høve og dersom IMF får problem med utlånsskapasiteten. Hittil har NAB berre vore aktivert ein gong, i 1998, då Brasil fekk lånetilsagn på 2,9

mrd. SDR. At IMF så sjeldan har nytta ordninga, må òg sjåast i samheng med at ho har vore tungvint å aktivere og hatt liten kapasitet.

4 Den nye NAB-avtalen

I november 2009 vart det semje om eit forslag til ny NAB-ordning, og ein ny NAB-avtale vart godkjend i IMF-styret i april 2010, jf. vedlegg 1. Den nye ordninga skal vere meir fleksibel og enklare å ta i bruk enn den gjeldande ordninga. I tillegg er utlånssramma auka, og fleire land deltek. Blant dei nye deltakarane finn ein mellom anna store framveksande økonomiar som Kina, India, Brasil og Russland.

4.1 Rammeauke og fleire deltakarar

Samla utlånssramme er auka frå 34 000 mill. SDR i den noverande NAB-ordninga til 367 467,36 mill. SDR. Den nye utlånssramma tilsvarar om lag 565 mrd. USD, eller 3 300 mrd. kroner basert på valutakursane 15. desember 2010. Utlånssramma er auka både som følgje av at bidraga frå dei 26 opphavlege deltakarlanda er auka, og at 13 nye land sluttar seg til ordninga. Noregs bidrag er auka frå 378,88 mill. SDR til 3 870,94 mill. SDR, det vil seie frå om lag 3,4 mrd. kroner til om lag 35 mrd. kroner, under føresetnad av at Stortinget samtykkjer. Dette bidraget er litt høgare enn summen av det norske bidraget i den noverande NAB-ordninga og ramma for Noregs Banks bilaterale låneavtale frå juni 2009. Ei oversikt over deltakarane i den opphavlege og den nye ordninga og dei finansielle bidraga frå kvart av deltakarlanda er gitt i vedlegg 2.

4.2 Andre viktige punkt i nye NAB

I tillegg til utvida låneramme og deltaking har det vore ei målsetjing å endre NAB-ordninga slik at ho vert meir fleksibel og enklare å ta i bruk. Nedanfor er dei viktigaste endringane i denne samanhengen og andre sentrale punkt i nye NAB omtalte.

Bruksområde

Mens den noverande NAB-ordninga berre kan brukast til å finansiere nokre heilt spesifikke og førehandsdefinerte låneordningar i IMF, opnar ein i den nye avtalen for at NAB kan finansiere alle IMF's ordinære låneordningar. Dette betyr mellom anna at den viktige føre-var-ordninga «Flexible Credit

Line», som mellom anna Mexico og Polen tok i bruk under finanskrisa, kan finansierast med NAB-midlar. Dei spesielle låneordningane for låginntektsland, som har subsidiert rente, skal finansierast separat frå dei ordinære utlånsmidlane i IMF og vil framleis ikkje kunne trekkje på NAB.

Aktivering

Den noverande NAB-ordninga kan berre aktiverast for eitt utlån om gongen, og prosedyrane for aktive-ring er relativt kompliserte og tidkrevjande. Finanskrisa viste at det kan vere naudsynt å gi betydelege lånetilsegner til ei rekkje land på kort varsel for å dempe uro og redusere smitteverknader i det globale monetære og finansielle systemet. I slike situasjonar er ikkje den lån-for-lån-baserte ordninga i den noverande avtalen til særleg nytte. Som svar på dette skal den nye ordninga kunne aktiverast for ein periode på inntil seks månader om gongen, med utgangspunkt i ein mobiliseringsplan der det potensielle lånebehovet er utrekna. I denne perioden kan NAB verte trekt på for å finansiere alle nye låneprogram under dei ordinære ordningane til IMF. Aktivering krev tilslutning frå 85 prosent av NAB-deltakarane, vekta etter storleiken på deira bidrag til ordninga. Eigne rutinar skal ta i vare lån-gjevarlanda sine behov for informasjon.

Proporsjonale trekk

I den nye avtalen held ein fast ved målsettinga om at trekk på midlane frå dei enkelte landa skal vere proporsjonale med ramma landet har stilt til disposisjon gjennom NAB. Samstundes legg ein inn ein viss fleksibilitet i praktiseringa i overgangsfasar. Slik fleksibilitet kan mellom anna betre byrdefordelinga mellom land dersom nokre land har uteståande trekk på bilaterale låneavtalar når ein trekkjer på NAB-ordninga.

Rente

I den noverande avtalen betaler IMF gjeldande SDR-rente på dei beløpa som vert trekte under ordninga. Alternativt kan det avtalast ei høgare rente dersom deltakarland som samla står bak minst 80 prosent av innskota, krev det. Dersom metoden for å rekne ut SDR-renta vert endra, krev avtalen minst 80 prosent tilslutning for å endre renta i NAB-ordninga. Dei enkelte medlemslanda kan i det siste tilfellet uansett krevje at renta på deira utlån vert rekna ut etter den opphavlege metoden.

I den nye NAB-avtalen legg ein opp til å auke kravet til kvalifisert fleirtal frå 80 prosent til 85 prosent for begge formåla som er nemnde ovanfor. Vidare vil ein fjerne høvet til einsidig å halde fast på ei SDR-rente rekna ut etter gammal metode.

Tilbakebetaling

Maksimal løpetid på utlåna i NAB-ordninga er fem år. Om IMF's utlån vert nedbetalte tidlegare enn dette, må IMF betale tilbake til bidragsytarane i same takt. IMF kan òg betale tilbake utlån til eitt eller fleire land dersom partane vert samde om det.

I den nye avtalen legg ein opp til å behalde prinsippet om at bidragsytarane vert betalte tilbake i same takt som IMF får tilbake sine utlån, men ein legg inn noko fleksibilitet slik at IMF kan fordele tilbakebetalingane på ein måte som reduserer eventuell ubalanse mellom deltakarane. Denne fleksibiliteten skal òg gjelde dersom IMF's finansielle posisjon vert styrkt og IMF vedtek å betale tilbake lån under NAB-ordninga.

Tilbakebetaling av lån frå NAB-land som får problem med betalingsbalansen

Bidragsytarar som får problem med betalingsbalansen, har rett til å få tilbakebetalt sine utlån til IMF. På bakgrunn av dette kan administrerande direktør i IMF etter gjeldande regler oppmode dei andre deltakarane om å finansiere slik tidleg tilbakebetaling, men det er i dag opp til dei enkelte landa om dei vil følge oppmodinga. Ettersom dei altså kan avslå, er det i dag naudsynt at IMF sjølv har tilstrekkeleg likviditet til å sikre at eventuelle krav om tidleg tilbakebetaling av NAB-lån vert oppfylte.

Når NAB vert utvida, vil utlånsrammene verte for store til at dei kvotemidlane IMF disponerer kan fylle dette kravet på ein rimeleg måte. I den nye NAB-avtalen legg ein derfor opp til at IMF skal kunne krevje at NAB-deltakarane stiller midlar til disposisjon innanfor landet si maksimale kredittramme for å finansiere tilbakebetaling av utlån frå land som har betalingsbalanseproblem.

5 Forholdet mellom nye NAB og dei bilaterale låna

For å auke IMF's utlånskapasitet raskt nok under finanskrisa er det inngått bilaterale avtalar mellom IMF og einskilde medlemsland, mellom anna Noreg, jf. kapittel 2. Ved inngåing av disse

avtalane har det vore lagt til grunn at midlane heilt eller delvis skal kunne overførast til ei utvida NAB-ordning når denne trer i kraft.

I ettertid har det vist seg at IMF kan få problem med likviditeten dersom midlane frå dei bilaterale avtalane vert overførte til NAB-ordninga utan overgangsordningar. Dette kjem av at NAB berre kan brukast til å finansiere nye program, og dermed ikkje program som allereie er i gang når NAB-ordninga vert tatt i bruk. Dersom dei bilaterale avtalene vert terminert med ein gong, må dei allereie inngåtte forpliktingane finansierast fullt og heilt ved trekk på IMF's kvotemidlar. Overslag tyder på at IMF då risikerer ikkje å ha kapasitet til å finansiere både løpande og nye behov, eller at likviditetsbufferen vert så liten at det vil svekkje tilliten til IMF.

IMF har derfor teke opp med dei bilaterale långevarane om dei kan vidareføre dei bilaterale låneavtalane i ein periode etter at den nye NAB-ordninga tek til å gjelde. IMF foreslår ei ordning der program som er satt i verk før NAB-ordninga tek til å gjelde, framleis kan finansierast ved trekk på dei bilaterale låneavtalene, men at desse avtalene vert lukka for nye program. Dei samla trekka under bilaterale låneavtar og NAB skal for kvar bidragsytar ikkje overstige forpliktinga landet har i den nye NAB-ordninga. Finansdepartementet har for Noregs del lagt opp til å følgje denne oppmødinga frå IMF, med dei vilkåra som er nemnd over.

6 Arbeidet med kvotar og stemmerett i IMF

Den viktigaste finansieringskjelda for den ordinære utlånsverksemda i IMF er dei innbetalte kvotane. Behovet for å auke kvotemidlane vert vurdert med jamne mellomrom. Prinsippvedtaket som IMFC gjorde våren 2009 om å styrkje utlånskapasiteten til IMF, la òg opp til at arbeidet med neste ordinære kvoterevisjon skulle starte så raskt som mogleg og vere avslutta innan januar 2011. Sidan kvotane også avgjer stemmevekta til medlemslanda, er kvoterevisjonen ein sentral del av arbeidet med å reformere styresettet til IMF. Finansdepartementet har tidlegare orientert Stortinget om dette arbeidet, mellom anna i Finansmarknadsmeldinga 2009.

Den 5. november i år vedtok styret i IMF eit framlegg til reform av kvotar og stemmerett, basert på eit opplegg som finansministrane og sentralbanksjefane frå G20-kretsen vert samde om i oktober 2010. Hovudlinjene er mellom anna:

- Ei dobling av IMF's kvoteressursar frå om lag 238,4 mrd. SDR etter at 2008-reforma er sett ut i livet, til om lag 476,8 mrd. SDR. I lys av denne betydelege auken er det lagt opp til ein om lag tilsvarande reduksjon av storleiken på den nye NAB-ordninga i samband med den avtalefesta gjennomgangen av NAB innan november 2011. Storleiken på reduksjonen vil òg avhenge av behovet for IMF-lån framover. Det er lagt opp til at den relative fordelinga mellom NAB-deltakarane skal behaldast etter gjennomgangen.
- Ei overflytting av kvote- og stemmedelar på 6 prosentpoeng frå overrepresenterte til underrepresenterte land, og frå industriland til utviklingsland og framvaksande økonomiar. Stemmevekta til dei fattigaste landa vert skjermja. Den nordisk-baltiske valkrinsen får auka kvote, men får redusert kvotedelen sin frå 3,34 prosent (etter gjennomføring av 2008-reforma) til 3,23 prosent. Noreg sin kvotedel vert så å seie uendra.
- Ei politisk forplikting om å halde storleiken på IMF-styret på same nivå som i dag, dvs. 24 medlemmer, på permanent basis.
- Talet på styremedlemmer frå europeiske industriland skal reduserast med to. Når ein tek omsyn til rotasjonsordningar, har desse landa i dag 8,2 styremedlemmer. Reduksjonen skal gi plass til nye styremedlemmer frå framvaksande økonomiar. Gjennomføringa skal skje innan årsmøtet i IMF i oktober 2012, og det vil vere opp til dei europeiske landa å komme fram til korleis dette skal organiserast.

Framlegget som IMF-styret har vedteke, vart 15. desember 2010 òg godkjent av guvernørrådet, det øvste organet i IMF der alle medlemslanda deltek. Det gjenstår no ein ratifikasjonsprosess i medlemslanda. IMF-styret tek sikte på at reforma skal vere gjennomført innan årsmøtet i IMF hausten 2012.

Regjeringa er positiv til at utviklingsland og framvaksande økonomiar får ei sterkare rolle i IMF og større kvote- og stemmevekt. Det er viktig at organisasjonen har eit styresett som sikrar global relevans og legitimitet. Kompromisset ein no er samde om, bidreg til dette. Sjølv om ein frå norsk og nordisk-baltisk side kunne ønskje at nokre element i framlegget var annleis, har ein derfor støtta kompromissforslaget.

Finansdepartementet vil komme tilbake med ein breiare omtale av kvote- og styrereforma i finansmarknadsmeldinga for 2010 og vil fremje ein eigen proposisjon for Stortinget om samtykke til norsk tilslutning til reforma.

7 Økonomiske og administrative forhold

Noregs Bank administrerer Noregs økonomiske pliktar overfor IMF. Noregs kvote i IMF er på 1,7 mrd. SDR (tilsvarande om lag 15,1 mrd. kroner). I tillegg stiller Noreg lånemidlar til disposisjon gjennom gjeldande NAB-avtale (379 mill. SDR), den bilaterale avtalen om lån til IMF's ordinære låneordningar (3 mrd. SDR) og den bilaterale avtalen om lån til IMF's låneordning for låginntektsland (300 mill. SDR). Til saman utgjør dette om lag 5,4 mrd. SDR, eller 48,5 mrd. kroner med valutakursane 15. desember 2010.

Norges Bank vil òg administrere den nye NAB-avtalen med IMF, og stiller etter § 25 i sentralbanklova valutareservar til rådvelde. Forpliktingane i den nye NAB-avtalen vil i røynda erstatte det bilaterale lånet frå Noregs Bank til IMF. Forskjellen mellom forpliktinga under den nye NAB-avtalen og den samla forpliktinga under den bilaterale låneavtalen og den eksisterande NAB-avtalen vert såleis avgrensa til om lag 492 mill. SDR, eller om lag 4,5 mrd. kroner.

Trekk etter NAB-avtalen vil til liks med trekk på den bilaterale låneordninga krevje omplasseringar av Noregs Banks internasjonale reservar. Desse utgjorde per oktober 2010 297 mrd. kroner. Noregs Bank anslår dei reint administrative kostnadene ved å følgje opp lån til IMF til å vere av om

lag same storleik som kostnadene ved å følgje opp andre plasseringar av valutareservane.

Som for andre lån til IMF, vil avkastninga på trekte beløp vere SDR-renta. Denne vert fastsett som eit vekta gjennomsnitt av renta på kortsiktige statspapir i amerikanske dollar, euro, britiske pund og japanske yen. For avtaleperioden sett under eitt meiner Noregs Bank at avkastninga på lån til IMF i gjennomsnitt kan verte noko lågare enn det banken elles kunne oppnådd. I den grad dette påverkar Noregs Banks overskot, vil det òg påverke overføringane frå Noregs Bank til statskassa med eit tidsetterslep. I all hovudsak vil auken i den norske forpliktinga berre innebere kostnader om den bidreg til høgare trekk enn det dagens avtaler med IMF ville resultert i, og desse trekka samstundes reduserer avkastninga på valutareservane. Finansdepartementet vurderer fordringar på IMF som svært sikre.

Finansdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til at Noreg sluttar seg til avtalen om utviding av IMF's multilaterale innlånsordning "New Arrangements to Borrow" (NAB).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om samtykke til at Noreg sluttar seg til avtalen om utviding av IMF's multilaterale innlånsordning "New Arrangements to Borrow" (NAB), i samsvar med eit vedlagt forslag.

Samtykke til at Noreg sluttar seg til avtalen om utviding av IMF's multilaterale innlånsordning
"New Arrangements to Borrow" (NAB)

Forslag

**til vedtak om samtykke til at Noreg sluttar seg til avtalen om
utviding av IMF's multilaterale innlånsordning
"New Arrangements to Borrow" (NAB)**

I

Stortinget samtykkjer i at Noreg sluttar seg til avtalen om utviding av IMF's multilaterale innlånsordning
"New Arrangements to Borrow" (NAB) innanfor ei ramme for lån frå Noreg på 3 871 mill. SDR.

Vedlegg 1**New Arrangements to Borrow (NAB)****Nye ordningar for lån (NAB)¹****An expended and more flexible credit arrangement****Ein ny og meir fleksibel multilateral innlånsordning**

Modified by the IMF Executive Board on April 12, 2010

Endret ifølge vedtak i styret i IMF 12. april 2010

Preamble**Innleiing**

In order to enable the International Monetary Fund (the “Fund”) to fulfill more effectively its role in the international monetary system, a number of countries with the financial capacity to support the international monetary system have agreed to provide resources to the Fund up to specified amounts in accordance with the terms and conditions of this decision. As the Fund is a quota-based institution, the credit arrangements provided for under the terms of this decision shall only be drawn upon when quota resources need to be supplemented in order to forestall or cope with an impairment of the international monetary system. In order to give effect to these intentions, the following terms and conditions are adopted under Article VII, Section 1(i) of the Fund’s Articles of Agreement.

For at Det internasjonale valutafondet skal kunne oppfylle rolla si i det internasjonale monetære systemet på ein meir effektiv måte, har ei rekkje land som er finansielt i stand til å støtte det internasjonale monetære systemet, einast om å yte ressursar til fondet opp til fastsette grenser på dei vilkår som går fram av dette vedtaket. Sidan fondet er ein kvotebasert institusjon, skal kredittordningane som dette vedtaket handlar om, berre brukast når det er behov for å supplere kvotemidlar for å førebyggje eller handtere ei svekking i det internasjonale monetære systemet. For å oppfylle desse intensjonane vert følgjande vilkår vedtekne på grunnlag av artikkel VII del 1 i) i vedtektene for fondet.

*Paragraph 1.**Artikkel 1.***Definitions****Definisjonar**

- a. As used in this decision the term:
 - i. “amount of a credit arrangement” means the maximum amount expressed in special drawing rights that a participant undertakes to make available to the Fund under a credit arrangement;
 - ii. “Articles” means the Articles of Agreement of the Fund;
 - iii. “available commitment” means a participant’s credit arrangement less any drawn and outstanding balances;
 - iv. “borrowed currency” or “currency borrowed” means currency transferred to the Fund’s account under a credit arrangement;

- a. I dette vedtaket gjeld desse definisjonane:
 - i. «storleiken på ei kredittordning» er det maksimumsbeløpet uttrykt i spesielle trekkrettar som ein deltakar tek på seg å stille til disposisjon for fondet ifølgje ei kredittordning;
 - ii. «vedtektene» er avtalevedtektene for fondet;
 - iii. «disponibel tilsegn» er kredittordninga til ein deltakar minus eventuelle trekte eller uteståande saldoar;
 - iv. «lånt valuta» er den valutaen som vert overført til konto i fondet ifølgje ei kredittordning;

¹ Uoffisiell oversetting

- v. "call" means a notice by the Fund to a participant to make a transfer under its credit arrangement to the Fund's account;
- vi. "credit arrangement" means an undertaking to provide resources to the Fund on the terms and conditions of this decision;
- vii. "currency actually convertible" means currency included in the Fund's quarterly financial transactions plan for transfers;
- viii. "drawer" means a member that purchases borrowed currency from the General Resources Account of the Fund;
- ix. "indebtedness of the Fund" means the amount the Fund is committed to repay under a credit arrangement;
- x. "member" means a member of the Fund;
- xi. "participant" means a participating member or a participating institution;
- xii. "participating institution" means an official institution of a member that has entered into a credit arrangement with the Fund with the consent of the member; and
- xiii. "participating member" means a member that has entered into a credit arrangement with the Fund.
- b. For the purposes of this decision, the Monetary Authority of Hong Kong (the "HKMA") shall be regarded as an official institution of the member whose territories include Hong Kong, provided that:
- i. loans by the HKMA and payments by the Fund to the HKMA under this decision shall be made in the currency of the United States of America, unless the currency of another member is agreed between the Fund and the HKMA;
- ii. the references to balance of payments and reserve position in paragraphs 5(c), 6(b), 6(c), 7(a), and 11(e) shall be understood to refer to the balance of payments and reserve position of Hong Kong. The HKMA shall not be eligible to vote on a proposal for activation under paragraph 5(c), included in a resources mobilization plan under paragraph 6(b), or subject to calls under paragraph 7(a), and shall be excluded from calls in accordance with paragraph 6(c), if, at the time of voting on any such proposal, approval of any such resource mobilization plan, or making of any such call, the HKMA notifies the Fund that Hong Kong's present and prospective balance of payments and reserve position does not allow it to meet calls under its credit arrangement; and
- v. «trekk» er eit varsel som ein deltakar får frå fondet om å effektuere ei overføring til konto i fondet ifølgje kredittordninga si;
- vi. «kredittordning» er ei tilsegn om å yte ressursar til fondet på dei vilkår som går fram av dette vedtaket;
- vii. «faktisk konvertibel valuta» er ein valuta som er med i fondets kvartalsvise finanstransaksjonsplan for overføringar;
- viii. «låntakar» er ein medlem som kjøper lånt valuta frå den generelle ressurskontoen i fondet;
- ix. «fondets gjeld» er den summen fondet pliktar å betale tilbake ifølgje ei kredittordning;
- x. «medlem» er ein medlem i fondet;
- xi. «deltakar» er ein deltakande medlem eller ein deltakande institusjon;
- xii. «deltakande institusjon» er ein offisiell institusjon som tilhøyrer ein medlem, og som har avtalt ei kredittordning med fondet med samtykke frå medlemmen; og
- xiii. «deltakande medlem» er ein medlem som har avtalt ei kredittordning med fondet.
- b. I samband med dette vedtaket skal The Monetary Authority of Hong Kong (HKMA) reknast som ein offisiell institusjon hos den medlemmen som har Hong Kong som ein del av sitt territorium, på vilkår av at:
- i. lån frå HKMA og utbetalingar frå fondet til HKMA på grunnlag av dette vedtaket skal vere i valutaen til USA, med mindre valutaen til ein annan medlem er avtalt mellom fondet og HKMA;
- ii. det som er sagt om betalingsbalanse- og reservesituasjon i artikkel 5 c), 6 b), 6 c), 7 a) og 11 e), skal gjelde for betalingsbalanse- og reservesituasjon til Hong Kong. HKMA har ikkje rett til å røyste over eit framlegg om aktivering etter artikkel 5 c), heller ikkje i ein ressursmobiliseringsplan etter artikkel 6 b) eller med atterhald om trekk etter artikkel 7 a), og skal vere utelukka frå trekk i samsvar med artikkel 6 c) dersom HKMA idet det vert røysta over slikt framlegg, slik ressursmobiliseringsplan vert godkjend eller slikt trekk vert gjennomført, varslar fondet om at den noverande og forventede betalingsbalanse- og reservesituasjonen til Hong Kong er slik at det ikkje kan oppfylle trekk etter kredittordninga si; og

iii. the HKMA shall have the right to request early repayment in accordance with paragraph 13(c) with respect to claims transferred to the HKMA if at the time of the transfer the balance of payments position of Hong Kong is, in the opinion of the Fund, sufficiently strong to justify such a right.

iii. HKMA har rett til å be om framskunda tilbakebetaling i samsvar med artikkel 13 c) med omsyn til krav som er overregne til HKMA, dersom fondet meiner at betalingsbalansen til Hong Kong på tidspunktet for overføringa er sterk nok til å forsvare ein slik rett.

Paragraph 2.

Credit Arrangements

- a. A member or institution that adheres to this decision undertakes to provide resources to the Fund on the terms and conditions of this decision up to the amount in special drawing rights set forth in Annex I to this decision ("Annex I"), which may be amended from time to time in order to take into account changes in credit arrangements resulting from the application of paragraphs 3(b), 4, 15(b), 16, 17 and 19(b).
- b. Except as set forth in paragraph 1(b)(i) or otherwise agreed with the Fund, resources provided to the Fund under this decision shall be made in the currency of the participant. Agreements under this paragraph for the use of the currency of another member shall be subject to the concurrence of any member whose currency shall be used.

Paragraph 3.

Adherence

- a. Any member or institution specified in Annex I as a new participant may adhere to this decision in accordance with paragraph 3(c).
- b. Any member or institution not specified in Annex I, may apply to become a participant at any time. Any such member or institution that wishes to become a participant shall, after consultation with the Fund, give notice of its willingness to adhere to this decision, and, if the Fund and participants representing 85 percent of total credit arrangements shall so agree, the member or institution may adhere in accordance with paragraph 3(c). When giving notice of its willingness to adhere under this paragraph 3(b), a member or institution shall specify the amount, expressed in special drawing rights, of the credit arrangement which it is willing to enter into, provided that the amount shall not be less than the credit arrangement of the participant with the smallest credit arrangement. The admission of a new participant shall lead to a proportional reduction in the cre-

Artikkel 2.

Kredittordningar

- a. Ein medlem eller institusjon som tiltre dette vedtaket, tek på seg å stille ressursar til disposisjon for fondet på dei vilkår som er fastsette i dette vedtaket opp til den summen i spesielle trekkrettar som går fram av vedlegg 1 til dette vedtaket («vedlegg 1»), som kan verte endra frå tid til anna for å ta omsyn til endringar i kredittordningar som følgjer av bruken av artikkel 3 b), 4, 15 b), 16, 17 og 19 b).
- b. Med dei unntak som går fram av artikkel 1 b) i), eller med mindre anna er avtalt med fondet, skal ressursar som vert stilt til disposisjon for fondet i samsvar med dette vedtaket, vere i valutaen til deltakaren. Avtalar i følgje denne artikkelen om at valutaen til ein annan medlem skal brukast, krev tilslutnad frå alle medlemmer som har ein valuta som skal brukast.

Artikkel 3.

Tiltreding

- a. Alle medlemmer og institusjonar som er nemnde i vedlegg I som nye deltakarar, kan tiltre dette vedtaket i samsvar med artikkel 3 c).
- b. Ein medlem eller institusjon som ikkje er nemnd i vedlegg I, kan når som helst søkje om å verte deltakar. Ein slik medlem eller institusjon som ønskjer å verte deltakar, skal etter å ha rådført seg med fondet, kunngjere at han er villig til å tiltre vedtaket, og dersom fondet og deltakarar som representerer meir enn 85 prosent av samla kredittordningar, er samde om det, kan medlemmen eller institusjonen tiltre i samsvar med artikkel 3 c). Når ein medlem eller institusjon kunngjer at han er villig til å tiltre slik det er nemnt her i artikkel 3 b), skal han oppgi storleiken på kredittordninga han er villig til å ta på seg, uttrykt i spesielle trekkrettar, men beløpet skal ikkje vere mindre enn kredittordninga til den deltakaren som har minst kredittordning. Opptak av ein ny medlem skal føre til ein proporsjonal reduksjon i kredittordningane til alle eksisterande deltakarar som har

dit arrangements of all existing participants whose credit arrangements are above that of the participant with the smallest credit arrangement: such proportional reduction in the credit arrangements of participants shall be in an aggregate amount equal to the amount of the new participant's credit arrangement less any increase in total credit arrangements decided in accordance with paragraph 4(a), provided that no participant's credit arrangement shall be reduced below the minimum amount set out in Annex I.

- c. A member or institution shall adhere to this decision by depositing with the Fund an instrument setting forth that it has adhered in accordance with its law and has taken all steps necessary to enable it to carry out the terms and conditions of this decision. On the deposit of the instrument the member or institution shall be a participant as of the date of the deposit or of the effective date of the amendments to this decision set out in Executive Board Decision No. [Decision amending NAB Decision], whichever is later.

Paragraph 4.

Changes in Amounts of Credit Arrangements

- a. When a member or institution is authorized under paragraph 3(b) to adhere to this decision, the total amount of credit arrangements may be increased by the Fund with the agreement of participants representing 85 percent of total credit arrangements; the increase shall not exceed the amount of the new participant's credit arrangement.
- b. The amounts of participants' individual credit arrangements may be reviewed from time to time in the light of developing circumstances and changed with the agreement of the Fund and of participants representing 85 percent of total credit arrangements, including each participant whose credit arrangement is changed. This provision may be amended only with the consent of all participants.

Paragraph 5.

Activation Period

- a. When the Managing Director considers that the Fund's resources available for the purpose of providing financing to members from the General Resources Account need to be supplemented in order to forestall or cope with an impairment of the international monetary sys-

kredittordningar høgare enn deltakaren med minst kredittordning; slike proporsjonale reduksjonar i kredittordningane til deltakarane skal i sum vere lik storleiken på kredittordninga til den nye deltakaren minus ein eventuell auke i samla kredittordningar som vert vedteken i samsvar med artikkel 4 a), men slik at ingen deltakar skal få si kredittordning redusert til under minstebeløpet som går fram av vedlegg I.

- c. Ein medlem eller institusjon skal tiltre dette vedtaket ved å deponere eit dokument hos fondet som seier at han har tiltredd i samsvar med eigne lover og har sett i verk alle tiltak som trengst for å oppfylle vilkåra i dette vedtaket. Når dokumentet er deponert, skal medlemmen eller institusjonen vere medlem frå og med den dato som kjem sist av deponeringsdatoen og dato som går fram av styrevedtak nr. [vedtak om endring av NAB-vedtaket], trer i kraft.

Artikkel 4.

Endringar i storleiken på kredittordningar

- a. Når ein medlem eller institusjon er kvalifisert i følge artikkel 3 b) til å tiltre dette vedtaket, kan fondet auke det samla omfanget av kredittordningar etter tilslutnad frå deltakarar som representerer 85 prosent av dei samla kredittordningane, men auken skal ikkje vere større enn kredittordninga til den nye medlemmen.
- b. Storleiken på kredittordningane til dei enkelte deltakarane kan gjennomgåast frå tid til anna i lys av skiftande omstende og endrast etter tilslutnad frå fondet og frå deltakarar som representerer 85 prosent av dei samla kredittordningane, medrekna kvar deltakar som får si kredittordning endra. Denne føresegna kan berre endrast med samtykke frå alle deltakarane.

Artikkel 5.

Aktiveringsperiode

- a. Når administrerande direktør finn at fondsressursane som er disponible med tanke på å yte finansiering til medlemmer frå den generelle ressurskontoen, må supplerast for å førebyggje eller handtere ei svekking i det internasjonale monetære systemet, og etter å ha rådført seg

tem, and after consultations with Executive Directors and participants, the Managing Director may make a proposal for the establishment of an activation period during which the Fund may (i) make commitments under Fund arrangements for which it may make calls on participants under their credit arrangements, and (ii) fund outright purchases by making calls on participants under their credit arrangements; provided that an activation period shall not exceed 6 months, and provided further that the amount covered by calls to fund such commitments under arrangements and outright purchases shall not exceed the maximum amount specified in the proposal. The proposal for the establishment of an activation period shall include information on (i) the overall size of possible Fund arrangements on which discussions are advanced, (ii) the balance between arrangements that are expected to be drawn upon and arrangements that are expected to be precautionary, (iii) additional financing needs that, in the opinion of the Managing Director, may arise during the proposed activation period, and (iv) the mix of quota and NAB resources for purchases from the General Resources Account in the period following the approval of an activation period. The information will be updated quarterly during an activation period.

- b. If there is not unanimity among the participants, the question whether the participants are prepared to accept the Managing Director's proposal for the establishment of an activation period in accordance with paragraph 5(a) will be decided by a poll of the participants. A favorable decision shall require an 85 percent majority of total credit arrangements of participants eligible to vote. The decision shall be notified to the Fund.
- c. A participant shall not be eligible to vote if, based on its present and prospective balance of payments and reserve position, the member is not included in the financial transactions plan for transfers of its currency at the time of the decision on a proposal for an activation period.
- d. An activation period shall become effective only if it is accepted by participants pursuant to paragraph 5(b) and is then approved by the Executive Board.

med eksekutivdirektørar og deltakarar, kan han føreslå at det vert fastsett ein aktiveringsperiode då fondet i) kan ta på seg forpliktingar på grunnlag av fondsordningar som det kan finansiere ved å gjennomføre trekk på deltakarar etter kredittordningane deira, og ii) kan finansiere kontantkjøp ved å gjennomføre trekk på deltakarar ifølgje kredittordningane deira; ein aktiveringsperiode skal ikkje overstige 6 månader, og beløpet som vert dekt med trekk for å finansiere slike forpliktingar gjennom ordningar og direkte kjøp, skal ikkje overstige maksimumsbeløpet som er fastsett i framlegget. Framlegget om å fastsetje ein aktiveringsperiode skal innehalde opplysningar om i) den samla storleiken på moglege fondsordningar som vert tekne opp til diskusjon, ii) balansen mellom ordningar som det kan ventast gjennomført trekk på, og det ein tenkjer seg som reserveordningar, iii) andre finansieringsbehov som, slik administrerande direktør ser det, kan komme til å oppstå i den føreslåtte aktiveringsperioden, og iv) miksen av kvoteressursar og NAB-ressursar for kjøp frå den generelle ressurskontoen i perioden etter at ein aktiveringsperiode er godkjend. Informasjonen vil verte oppdatert kvartalsvis i aktiveringsperioden.

- b. Dersom det ikkje er full semje mellom deltakarane, skal spørsmålet om kor vidt deltakarane er villige til å godta framlegget frå administrerande direktør om å fastsetje ein aktiveringsperiode i samsvar med artikkel 5 a), avgjerast ved avrøysting. Ei positiv avgjerd krev 80 prosent fleirtal av samla kredittordningar for deltakarar med røysterett. Fondet skal orienterast om avgjerda.
- c. Ein deltakar har ikkje røysterett dersom medlemmen på grunn av sin noverande og forventade betalingsbalanse- og reservesituasjon ikkje er omfatta av finanstransaksjonsplanen for overføringar av valutaen hans idet det vert teke stilling til eit framlegg om ein aktiveringsperiode.
- d. Ein aktiveringsperiode vert berre sett i verk dersom han vert godteken av deltakarane i medhald av artikkel 5 b) og deretter godkjend av styret.

*Paragraph 6.***Resource Mobilization Plans and Calls**

- a. To fund outright purchases during an activation period and commitments under arrangements approved during an activation period, calls under individual credit arrangements of participants may be made on the basis of resource mobilization plans approved by the Executive Board normally on a quarterly basis in conjunction with the quarterly financial transactions plan for the General Resources Account. Such resource mobilization plans shall specify for each participant the maximum amount for which calls may be made during the applicable period. The Executive Board may at any time amend such a plan to change the maximum amounts and period for calls. With respect to the allocation of the maximum amounts among participants, the resource mobilization plan shall normally establish an allocation that would result in the available commitments of participants being of equal proportion relative to their credit arrangements.
- b. A participant shall not be included in the resource mobilization plan when, based on its present and prospective balance of payments and reserve position, the member is not included and is not being proposed by the Managing Director to be included in the list of countries in the quarterly financial transactions plan for transfers of its currency.
- c. Calls during the period of a resource mobilization plan shall be made on participants by the Managing Director with due regard to the objective specified in paragraph 6(a) of achieving available commitments of participants that are of equal proportion relative to their credit arrangements. No call shall be made on a participant that has been included in the resource mobilization plan if, at the time of such call, the member's currency is not being used in transfers under the financial transactions plan because of the member's balance of payments and reserve position.
- d. When the Fund makes a call pursuant to this paragraph 6, the participant shall promptly make the transfer in accordance with the call.

*Artikkel 6.***Ressursmobileringsplanar og trekk**

- a. For å finansiere kontantkjøp i ein aktiveringsperiode og tilsegner etter ordningar som er godkjende i ein aktiveringsperiode, kan det gjennomførast trekk etter deltakaranes individuelle kredittordningar på grunnlag av ressursmobiliseringsplanar som styret normalt godkjenner kvartalsvis i samband med den kvartalsvise finanstransaksjonsplanen for den generelle ressurskontoen. Slike ressursmobiliseringsplanar skal spesifisere kor mykje det kan trekkjast for kvar deltakar i den aktuelle perioden. Styret kan når som helst endre ein slik plan for å forandre på kor mykje og kor lenge det kan trekkjast. Når det gjeld beløp som maksimalt kan trekkjast på medlemmene, skal ressursmobiliseringsplanen normalt fastsetje ei fordeling som gjer at tilhøvet mellom kredittordningar og disponibel tilsegn vert det same for alle deltakarane.
- b. Ein deltakar skal ikkje takast med i ressursmobiliseringsplanen når medlemmen på grunnlag av sin noverande og forventa betalingsbalanse- og reserveposisjon ikkje er oppført, og ikkje er føreslått av administrerande direktør til å verte oppført, på lista over land i den kvartalsvise finanstransaksjonsplanen for overføringar av valutaen hans.
- c. I det tidsrommet ein ressursmobiliseringsplan gjeld, skal administrerande direktør gjennomføre trekk på deltakarane på ein måte som tek tilstrekkeleg omsyn til målet i artikkel 6 a) om at tilhøvet mellom kredittordningar og disponibel tilsegn skal vere det same for alle deltakarane. Det skal ikkje gjennomførast trekk på ein deltakar som har vore med i ressursmobiliseringsplanen dersom valutaen til medlemmen på tidspunktet for slikt trekk ikkje er brukt i overføringar i medhald av finanstransaksjonsplanen på grunn av betalingsbalanse- og reservesituasjonen til medlemmen.
- d. Når fondet oppmodar om trekk i medhald av det som er sagt her i artikkel 6, skal deltakaren straks overføre pengane i samsvar med oppmodinga.

*Paragraph 7.***Procedures for Special Calls**

- a. Calls pursuant to paragraph 11(e) may be made at any time with due regard to the objective specified in paragraph 6(a) of achieving available commitments of participants that are of equal proportion relative to their credit arrangements, provided that no such call shall be made on a participant, when, based on its present and prospective balance of payments and reserve position, the member is not included and is not being proposed by the Managing Director to be included in the list of countries in the quarterly financial transactions plan for transfers of its currency or, if the member has been included in the financial transactions plan, when, at the time of such call, the member's currency is not being used in transfers under such plan because of the member's balance of payments and reserve position. Calls under this paragraph 7(a) shall not be subject to the procedures set forth in either paragraph 5 or paragraph 6.
- b. Calls pursuant to paragraph 23 may be made at any time; they shall not be subject to the procedures set forth in either paragraph 5 or paragraph 6.
- c. When the Fund makes a call pursuant to this paragraph 7, the participant shall promptly make the transfer in accordance with the call.

*Paragraph 8.***Nature and Evidence of Indebtedness**

